kronikk og debatt

● Si din mening.
Skriv til: Nationen, postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo.

● Anne Tuflåt Lilleberg
Tlf: 21 31 00 08
debatt@nationen.no

Når storoksan ikkje beiter ved Femunds si'er

«Her er nok pent ved Lombnes li'er, men penar' var det ved Fæmunds si'er, der storoksan hass far gjekk som best». Det sa Sollerdottera, i sagnet om Sollergubben, da ho gjekk og illtreivst på Lombnes i Rendal. Det kan tenkjast at det i dag er mange som går og ankar, slik dottera at Sollergubben gjorde, på at dei reiste heimafra eller rettare vart nøydde til å reise.

Ei studie utført i sju av grunnkretsane som grensar opp mot Femund syner korleis dette området er skadelidande av strukturendringane i landbruket og sysselsetjinga elles. Men det skal Femundgubbane og -døtrene ha, dei gir seg ikkje so lett. Trass, eller kanskje heller som eit resultat av, trugsmåla mot landbruket, nedgangen i sysselsetjinga i skogbruket og manglande arbeidsplassar i offentleg sektor, gjekk dei på med krum hals og etablerte eit mottak og foredlingsanlegg for innlandsfisk på Elgå, fyrst på 80-talet. Dugnadsinnsatsen som vart lagt ned var formidabel. På folkemunne vert fiskemottaket litt humoristisk omtala som «vårt felles kjærleiksbarn unnfanga på nordøsterdalens største flatseng».

Visjonen var at dette skulle gje sårt tiltrengte tilleggsinntekter.

Aktiviteten skulle passe inn i eit sysselsetjingsmønster som hadde lange tradisjonar i området.

Mangesysleri

Sysselsetjingsmønsteret på 80-talet var prega av det me kallar eit mangesysleri. Våren starta med lamminga i sauefjøset og heldt fram med vårvinna på innmarka. Utpå forsumaren vart sauene sleppt på beite, og da slåtten var unnagjort nærma fisket seg. Fangstane selde dei privat eller bytta i andre goder. Noko vart nytta i hushaldet, medan det meste vart levert til fiskemottaket mot betaling. Så lenge det var fleire som arbeidee på bruket, var det greitt å kombinere sauehaldet med ei lita besetning av storfe. På den måten var ein heller ikkje like sårbar for rovdyrtapet. I våningshuset og i eit av dei eldre uthusa vart det tilrettelagt for overnattingsgjester, der dreiv kona som turistvert på deltid. Samstundes tok ho økter i foredlinga av siken, som vart levert til mottaket. I september starta elgjakta, ein aktivitet som både kvinnene og mennene i regionen sette stor pris på, både som sosial aktivitet og som matauk. Fram mot jul vart det mindre å gjere på garden, da tok gjerne mannen seg arbeide som bygningsmann medan kona kokte songraut og baka lefser for sal på samvirkelaget på Røros og Engerdal. I dei hardaste vintermånadane reiste mannen til skogs, medan kona tok ansvaret for gardsdrifta, huset og borna.

Sikfisket felte seg fint inn i den lokale tradisjonen der store delar av befolkninga dreiv jordbruk i kombinasjon med fleire andre aktivitetar. På dei tjue åra som har gått sidan etableringa av Femund Fiskerlag har mykje endra seg. Høve til å supplere landbruksinntekta med vinterarbeid i skogen har falle bort, og som følgje av strukturrasjonaliseringa i landbruket er bøndene tvinga til å ta seg heiltid- eller deltidsarbeid utanom bruket og gjerne også utanfor grenda. Dermed er det verken tid eller folk att til å oppretthalde det sesongbaserte mangesysleriet.

Vårt poeng er at mangesysleriet fungerer som ei rugekasse for innovative idear. Ein logisk konsekvens av at mangesysleriet forsvinn, vil dermed vere ein akselererande tilbakegang for dei mindre grendesamfunna i utkantane.

kronikk



Som fylgje av nedgangen i talet på mindre kombinasjonsbruk i landbruket og auka einsretting i sysselsetjinga elles, kjem dei mindre grendesamfunna inn i ei bakevje. Innovasjonen hemmes i små lokalsamfunn, som mellom anna i grendene kring Femund, skriv forskarar ved Norsk senter for bygdeforskning,

● *Bjørn Egil Flø (t.v.) og*
● *Hilde Bjørkhaug*

Lokale ressursar

Typisk for grendesamfunna i utkantane er at dei er avhengige av å nyttiggjere seg dei lokale ressursane. Ressursar som bær, innlandsfisk, vilt og liknande, er som kjent prega av å vere sesongbaserte, det inneber at dei ikkje vil kunne utgjere heilårsarbeid for dei som ønskjer å skape arbeidsplassar basert på slike ressursar. Ein føresetnad for å kunne nyttiggjere seg desse ressursane er at grendesamfunna kan tilby anna arbeid når det ikkje er sesong. Det tradisjonelle småbruket har nett ein slik funksjon. Når det er tid for hausting av naturressursane passar dette arbeidet inn i årssyklusen på bruket. Ser me på sikfisket i Femund so finn me at det passa fint til arbeidet på bruket, då fiskesesongen kom «midt mellom slått og sanking». I tillegg utgjorde det sårt tiltrengt tilleggsinntekt til gardsdrifta.

> **Typisk for grendesamfunna i utkantane er at dei er avhengige av å nyttiggjere seg dei lokale ressursane**

Mangesysleri inneber i slike samfunn ein kombinasjon av ei heil rekkje aktivitetar. I regionen kring Femund finn me mellom anna både turistnæring, båtbyggeri, snekkar- og maskinverkstad. Dette er aktivitetar som ved oppstarten ikkje var anna enn ei bigeskjeft for dei som dreiv det. Ved fleire høve ser me likevel døme på at verksemdene har vokse til foretak som sysselset fleire personar. Men i oppbyggingsfasen måtte alle basere seg på å vere bigeskjeft i kombinasjon med andre aktivitetar. Ein føresetnad for at slike verksemder skal vekse fram er at inntektene frå småbruka kan liggje i botnen og utgjere basisen.



FEMUND: *I regionen kring Femund finn me mellom anna både turistnæring, båtbyggeri, snekkar- og maskinverkstad. Ved fleire høve ser me døme på at verksemdene har vokse til foretak som sysselset fleire personar, skriv kronikkforfattarane.* *(Foto: Magnus Smidesang Rønningen)*

Priskonkurranse

Småbruket og det sesongbaserte mangesysleriet er avhengige av kvarandre. Det sesongbaserte mangesysleriet krev at ein er fleksibel nok til å ta fri frå basisnæringa i kortare periodar. Denne fleksibiliteten er vanskeleg å oppnå om ein tek seg heiltidsarbeid utanfor bruket. Det er ikkje vanskeleg å sjå kvifor den einskilde bonden vel å ta seg arbeid utanom bruket. Landbruket har i fleire år vore pressa på pris i en globalisert marknad, ein priskonkurranse som størstedelen av det norske landbruket er dømt til å tape. Likevel må me vere klar over at om me tillet avviklinga av dei små gardsbruka tillet me samstundes at store delar av naturressursane vert liggjande unytta og sist men ikkje minst – at viktige innovative prosessar vert stogga. Nøkkelen til å snu utviklinga ligg likevel ikkje fyrst og fremst i å subsidiere ytterlegare det tradisjonelle småbruket, men heller i å endre på insentivsystema. Det kunne godt tenkjast nytt om korleis ein kan lette tilgangen til store marknader for små sesongmessige produktseriar. Og det bør tenkjast nøye igjennom det offentlege regelverket, slik at nye aktivitetar ikkje vert kvalt allereie i startfasen av dei mange spesialiserte reguleringane som over lang tid har vakse fram.